


Å utvikle eit fagleg repertoar i kunst og handverk

Grunnlag for djupnelærings i eit praksisfellesskap på 5. trinn

Elin Austbø Simonsen og Laila Belinda Fauske

Denne artikkelen bygger på ei kasusstudie frå 5. trinn innan det norske grunnskulefaget kunst og handverk (KH). Undersøkinga søker større kunnskap om det faglege repertoaret av delte ressursar elevane i eit spesifikt praksisfellesskap over inn og etablerer etter målsettinga om djupnelærings gjennom tre observerte oppgåveperiodar. Engelskspråkleg litteratur omtaler mellom anna djupnelærings som deep learning og indept learning. Data er henta frå deltakande observasjon, 12 individuelle elevintervju og dokument i form av oppgåvetekstar. Tematisk innhaldsanalyse av visuell og skrifstieg data viser at praksisfellesskapet først og fremst over inn og etablerer eit ferdigheitsorientert handlingsrepertoar frå praktisk skapande arbeid med verktøy og materiale. Dette er i tråd med gjeldande læreplanverk og forbunde med premissa for praksisen. I lys av det faglege repertoaret som kjem til uttrykk i kasusstudien samt konseptet Knowledge Building kan ein seie at fellesskapet utviklar kunnskapsbasen sin. Det viser seg at elevane i liten grad omgrepstestar sitt eige læringsutbytte, men at dei koplar læringa til ulike aspekt av det praktisk skapande arbeidet.



Nøkkelord: Kunst og handverk, Praksisfellesskap, Ferdigheitsorientert handlingsrepertoar, Djupnelærings, Knowledge Building

Introduksjon

Denne artikkelen bygger på empiri frå tre suksessive oppgåveperiodar innan kunst og handverk (KH) på 5. trinn ved ein norsk barneskule. Forsking gjort innan KH tilseier at opplæringa i faget gjerne er inndelt i tidsavgrensa opplæringsperiodar (Maus, 2020; Randers-Pehrson, 2016; Skjelbred & Borgen, 2020) med kvar sine målsettingar for elevane si læring, metodar, arbeidsmåtar og faglege innhald. Termen arbeidsoppgåve er brukt i både faglitteratur (L. M. Nielsen, 2019) og forsking (Antun, 2022) innan KH, og skildrar det denne artikkelen omtaler som ein oppgåveperiode. Oppgåveperiodane bør dekke og kombinere kompetanseområda i læreplanverket slik at elevane får den undervisinga dei har krav på i grunnopplæringa (L. M. Nielsen, 2019, s. 31–33). I *Læreplan i KH* er kompetanseområda knytt til kjernelementa (KE) Handverksferdigheiter (HF), Kunst- og designprosessar (KD), Visuell kommunikasjon (VK) og Kulturforståing (KF) (Kunnskapsdepartementet, 2020). Gjennom eit tiårig løp og arbeid innan kjernelementa er elevane venta å tilegne seg og utvikle ein fagleg kunnskapsbase; eit vidt repertoar med kompetanse bestående av kunnskap, ferdigheiter og haldningar. NOU-rapporten *Fremtidens skole* forfektar at djupnelærings er viktig for elevar si kompetanseutvikling (NOU 2015: 8, s. 10) og *Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa* slår fast at skulen skal gje rom for djupnelærings i faga (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10, 2020). Gjennom opplæring som legg til rette for djupnelærings skal elevane utvikle forståing av sentrale element og samanhengar innanfor eit fag samt lære å bruke faglege kunnskapar og ferdigheiter i kjende og ukjende samanhengar, aleine og i lag med andre (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11). Det overordna målet om djupnelærings i den norske grunnopplæringa dannar eit bakteppe for denne artikkelen, og dei tre oppgåveperiodane som rammar inn underøkinga viser eit utsnitt av eit større arbeid med å realisere denne målsettinga.

I engelskspråkleg litteratur vert djupnelæringsomgrepet som er nedfelt i Læreplanverket Kunnskapsløftet 2020 (LK20) er forsøkt tilpassa den norske skulekonteksten. Omgrepet bygger mellom anna på internasjonal forsking som skil mellom djupne- og overflatelæringsomgrepet (Gilje et al., 2018; Marton & Säljö, 1976; NOU 2014: 7; Sawyer, 2005). Stortingsmelding 28 *Fag-Fordypning-Forståelse* (2015-2016) set overflatelæringsomgrepet i kontrast til djupnelæringsomgrepet, forklart som innlæring av faktakunnskap som ikkje vert sett i ein større samanheng (Meld. St. 28 (2015-2016)). Meldinga legg til grunn ein nær samanheng mellom djupnelæringsomgrepet og kompetanse og understrekar at djupnelæringsomgrepet dreier seg om kvaliteten på læringsprosessen og om elevane sitt læringsutbytte (s. 33). Forklart med Furnes (2022) sine ord handlar djupnelæringsomgrepet om å “[...] lære på en slik måte at elevene ser sammenhenger og blir kompetente til å bruke kunnskapen i kjente og ukjente situasjoner” (s. 26). I KH fordrar gjerne det at eleven er engasjert i det faglege innhaldet gjennom praktisk handling. Tanken om at elevane skal kunne overføre og bruke det som er lært i ein situasjon til ein annan, har røter i Pellegrino og Hilton (2012) sitt syn på overførbar kunnskap som produkt av djupnelæringsomgrepet. Dei definerer djupnelæringsomgrepet som “[...] the process through which an individual becomes capable of taking what was learned in one situation and applying it to new situations (i.e., transfer)” (Pellegrino & Hilton, 2012, s. 5). Jamfør Pellegrino og Hilton (2012) er djupnelæringsomgrepet samanvevd av kunnskapar og ferdigheter og kan innebere både delt læring og samhandling i fellesskap. Skulepolitiske dokument frå fagfornyingsdokumentet trekker mellom anna fram fordjuping og tid, aktiv elevinvolvering og metakognisjon som sentralt for djupnelæringsomgrepet (Meld. St. 28 (2015-2016), s. 33; NOU 2015: 8, s. 10), men diskuterer i liten grad kva djupnelæringsomgrepet kan vere ved læring gjennom praktisk handling.

Forskningsbasert kunnskap om realiseringa av djupnelæringsomgrepet innan praktisk estetiske fag, irekna KH, har dei siste åra blitt etterspurta frå fleire hald (Borgen & Hjardemaal, 2017; NOU 2015: 8; Østern et al., 2019). LK20 har vore gjeldande i kort tid, og det er førebels behov for meir forsking på temaet. Nyare forsking innan KH indikerer at lærarar signaliserer stor usikkerheit kring korleis ein skal legge til rette for og måle djupnelæringsomgrepet i faget (Forfattar, under arbeid). Nyleg disputerte Agnetha Dale Tessem for avhandlinga *Kunnskaping i kunst og handverk* (2024) der ho tek føre seg vilkår for og konsekvensar av læring gjennom skapande prosessar på ungdomsskulen. Ho forklarer kunnskapsdanning i KH som ein praktisk, kroppsleg handling der eleven deltek med heile seg, viser at samhandlinga og meiningsforhandlinga i skulebaserte fellesskap har betydning for elevane si læring og djupnelæringsomgrepet i faget og identifiserer eit behov for meir kunnskap om temaet (Tessem, 2024). Ei systematisk kartlegging over internasjonal forsking som er gjort på djupnelæringsomgrepet innan grunnopplæringa antydar at forskinga i liten grad granskar djupnelæringsomgrepet i lys av perspektiv på det relasjonelle, kroppslege, skapande og affektive (Winje & Løndal, 2020). I KH, eit fag “[...] hvor formalet alltid har hatt en særlig praktisk karakter” (Meld. St. 28 (2015-2016), s. 48), der kunnskapen har artikulerte og underforståtte eller tause (Carlgren, 2023; Polanyi, 2000) dimensjonar, der ferdighetene i stor grad er handlingsborne (Godal, 2007) og opplæringa sentral (Forfattar, under arbeid), er desse aspekta sette i spel. Denne artikkelen har som mål å bidra til å belyse dette kunnskapsholet ved å undersøke verkstadpraksis i KH.

Avgrensing og problemstilling

Denne kasusstudien bygger på observasjon av ei elevgruppe (12 elevar i alderen 10–11 år) på mellomtrinnet og lærarane deira gjennom tre oppgåveperiodar i KH. I den første perioden designa og bygde elevane miniatyr-trehytter, deretter planla og laga dei fuglebrett med utgangspunkt i ein drikkekartong, før dei i den tredje perioden bygde sjakkskrin i trevirke. Søkelys er retta mot det faglege repertoaret dette fellesskapet over inn, etablerer og forhandlar med. Undersøkinga inkluderer også 12 individuelle elevintervju. Elevperspektivet belyser eit spenn mellom intensjon og praksis samt kva elevane sjølv erfarer å ha lært frå oppgåveperiodane. Kunnskapsutvikling vert undersøkt frå eit sosiokulturelt perspektiv, med utgangspunkt i Wenger (1998, 2004) si forståing av praksisfellesskap. Tilnærminga inneber at læring vert forstått som situert og kunnskap som konstruert i samhandling med omverda (Dysthe, 2001; Lave & Wenger, 1991; Säljö, 2021; Wenger, 1998). Undersøkinga trekker

derfor veksle på forsking frå det nordiske kunst- og designdidaktiske forskingsfellesskapet som mellom anna viser at meiningsskaping går føre seg i samhandling med andre, og i vekselverknad mellom mentale og fysiske reiskap (Johansson, 2002; Reitan, 2007) innanfor eit praksisfellesskap (Lutnæs, 2011). Konseptet *Knowledge Building* (Scardamalia & Bereiter, 2010) bidreg med eit pedagogisk perspektiv på kunnskapsutvikling som sosialt produkt (Zhang et al., 2009). Tidlegare forsking gjort innan KH drøftar *Knowledge Building* i samband med fagfeltet sitt arbeid med å utvikle eit akademisk miljø og kunnskapsbase (Fauske, 2014, 2016, 2017). I denne artikkelen bidreg *Knowledge Building* med omgrep til prosessane i eit skulebasert praksisfellesskap på 5. trinn som bygger og utvidar ein felles, fagleg kunnskapsbase. Undersøkinga gjev utgangspunkt for å drøfte og problematisere djupnelæringsmålet i praktisk handling innanfor faget samt betydninga av ein felles fagleg kunnskapsbase for elevane si djupnelæringsmål.

Problemstillinga for artikkelen er: *Gjennom observasjon av tre oppgåveperiodar i kunst og handverk på 5. trinn; kva fagleg repertoar av delte resursar øver eit skulebasert praksisfellesskap inn og etablerer etter målsettinga om djupnelæringsmål?*

Teoretisk rammeverk: Lærande praksisfellesskap

Teori om praksisfellesskap, *community of practice*, bygger på tanken om at kunnskap vert konstruert hjå den enkelte, men at læring er situert og ei følge av aktiv deltaking og samhandling i fellesskap og praksisar (Wenger, 1998, 2004). Wenger forklarer at alle individ hører til i eitt eller fleire praksisfellesskap, både formelle og uformelle grupper i arbeidsfellesskap og kvardagsliv, der dei lærer og utviklar identitet. Slike fellesskap er einingar innan større kontekstar med gitte resursar og avgrensingar (Wenger, 1998, s. 79). Praksisfellesskap refererer ikkje til ei gruppe menneske *per se*, men snarare til den sosiale prosessen med å forhandle kompetanse i eit domene over tid (Farnsworth et al., 2016). Lave og Wenger (1991) introduserte termen praksisfellesskap som følge av studiar av ulike sosiale fellesskap. Wenger (1998) vidareutvikla omgrepet og omtaler teori om praksisfellesskap som eit analytisk verktøy (s. 4). Han påpeikar at praksisfellesskap også har relevans i ein pedagogisk kontekst (Wenger, 1998, s. 226; Wenger-Trayner & Wenger-Trayner, 2015, s. 6). Innan KH har forskarar anvendt praksisfellesskapsteori i samband med formell læring innan grunnopplæringa (Lutnæs, 2011) og høgare utdanning (Brænne, 2009), men også i tematikk retta mot uformell læring (Reitan, 2007). I denne artikkelen forstår vi ei gruppe elevar og lærarar i grunnskulen som eit lærande praksisfellesskap. Praksisen deira tek utgangspunkt i spesifikke læringsmål og aktivitetar i KH.

Det teoretiske rammeverket i denne artikkelen kombinerer teori om praksisfellesskap (Wenger, 1998) med det pedagogiske perspektivet *Knowledge Building* (kunnskapsbygging) (Scardamalia & Bereiter, 2010). Både praksisfellesskapsteori og *Knowledge Building* legg til grunn at læring er personleg og lyfter fram potensiale for delt læring i eit fellesskap. Scardamalia og Bereiter (2010) bruker konseptet *Knowledge Building* om den pågående prosessen i gitte fellesskap som aktivt skaper og utviklar kunnskap over tid (s. 8). Fellesskapa kan vere mindre, klassebaserte grupper som i denne undersøkinga, men også større fagleg fellesskap som har målsetting om å utvikle kunnskapsbasen sin (Fauske, 2016). I grunnskulen dreier *Knowledge Building* seg om å “[...] construct an understanding of the world as the students know it” (Scardamalia & Bereiter, 1999, s. 277). Scardamalia og Bereiter (2010) framhevar kjenneteikn ved *Knowledge Building* i eit sett med tolv prinsipp. Prinsippa kan, aleine og ilag, fungere som pedagogiske retningslinjer for planlegging, utvikling eller evaluering av eksisterande praksisar (s. 9). I følge Fauske (2014) vil nokre av prinsippa kaste lys over grep for å utvikle eit fagleg kunnskapsbyggande fellesskap, medan andre er retta mot ideane som ligg til grunn for prosessane i fellesskapet. Prosessane i eit praksisfellesskap kan også undersøkast i lys av omgrevsstrukturen *eit gjensidig engasjement, ei felles oppgåve og eit felles repertoar* (Dysthe, 2001; Wenger, 1998). Desse dimensjonane koplar praksis og fellesskap og er gjensidig avhengige av kvarandre (Wenger, 1998, s. 73–85). Vidare tek denne artikkelen utgangspunkt i omgrevsstrukturen til Wenger og trekker parallellar til kjenneteikn ved *Knowledge Building*. Dette grepet belyser likskapar og divergensar mellom dei to teoriane og har som mål å kontekstualisere ulike sider ved det delte repertoaret eit spesifikt praksisfellesskap på 5. trinn i KH øver inn og etablerer som grunnlag for elevane si djupnelæringsmål.

Engasjement, oppgåve og repertoar som samlande særtrekk

I følge Wenger (1998) er *eit gjensidig engasjement* føresetnad for felles praksis. Deltakarane i eit fellesskap er engasjert i noko dei er opptekne av og forhandlar meinung seg i mellom om det dei arbeider med. Undervegs stiller dei kompetansen sin til rådighet for kvarandre og dreg vekslar på kvarandre sine kunnskapar, ferdigheter og subjektive ståstadar. Kvar og ein av deltakarane har ansvar for å bidra til å oppretthalde og vidareutvikle praksisen. Sidan deltakarane kan ha ulik og overlappande kompetanse og roller, er det naturleg at engasjementet deira kan innebere både komplementære og like bidrag (s. 73–77). Wenger (1998) understrekar også at maktbalansen i gruppa kan vere ujamn, men alle deltakarane har ein plass i praksisfellesskapet.

Praksisfellesskapet sin andre dimensjon, *ei felles oppgåve*, refererer til deltakarane si oppfatning av kva fellesskapet gjer og prøver å oppnå (Wenger, 1998). Deltakarane forhandlar fram og utviklar ei forståing om kva som er *målet* med praksis. Oppgåva speglar kompleksiteten i det gjensidige engasjement og held deltakarane gjensidig ansvarlege for praksisen. Ytre rammer kan influere oppgåva, men det er “[...] only as negotiated by the community that conditions, resources, and demands shape the practice” (Wenger, 1998, s. 80). Wenger forklarer at normer og kulturen i praksisfellesskapet pregar avgjerslene om kva som er viktig og kvifor, kva som er relevant og ikkje. Slik vert oppgåva ei rettesnor for praksis som er særeigen for det gitte fellesskapet (Wenger, 1998). I denne artikkelen forstår vi LK20 som ei ytre ramme for den felles oppgåva til eit skulebasert praksisfellesskap.

Over tid utviklar deltakarane *eit felles repertoar* av delte ressursar som kan bestå av rutinar, ord, verktøy, måtar å gjere ting på, forteljingar, gestar, symbol, sjangrar, handlingar og omgrep (Wenger, 1998). Repertoaret speglar fellesskapet si historie av felles meinung og er ibuande fleirtydig. Kombinasjonen av desse to kjenneteikna gjer repertoaret til ein resurs for vidare forhandling av meinung (s. 83). Wenger (1998) forklarer at omgrepet *repertoar* både understrekar eit ibuande potensiale for å øve inn meinung samt ei tilgjengeleghet for vidare engasjement i praksis. I praksisfellesskap går meiningsforhandling føre seg i konvergensen mellom *deltaking* og *tingleggjering* (Wenger, 1998). Eit repertoar famnar begge desse aspekta i tillegg til diskursen deltakarane konstruerer meinung innan (s. 83). Deltaking vert forstått som ein grunnleggande sosial og aktiv prosess. Tingleggjering refererer til produktet av meiningsforhandlinga, men også til prosessar som inkluderer “[...] making, designing, representing, naming, encoding and describing, as well as perceiving, interpreting, using, reusing, decoding, and recasting” (Wenger, 1998, s. 59–60). Jamfør Wenger kan aspekt ved praksisen og erfaringar frå denne få fast form i eit objekt (Wenger, 1998, s. 59), eksempelvis i fysiske elevarbeid. Det er verd å merke seg at Wenger ikkje inkluderer objektet, gjenstanden, i lista over element i eit felles repertoar (Lutnæs, 2011, s. 38). I sitt doktorgradsarbeid om lærarar i KH si summative vurdering av elevarbeid, har Lutnæs (2011) løyst dette ved å lyfte fram *forteljingar om elevarbeida* og elevarbeid som *visuelle verktøy* som ressursar i lærarane si meiningsforhandling. I denne artikkelen er fokusset på det faglege repertoaret praksisfellesskapet utviklar gjennom tre oppgåveperiodar som alle munnar ut i fysiske elevarbeid.

Både teori om handlingsboren kunnskap (Godal, 2007; Sennett, 2008) og *kunnskap i handling* (Molander, 1996) og praksisnære undersøkingar frå det nordiske kunst- og designdidaktiske forskingsfeltet trekker fram den sosiale konteksten og ei forankring i det materielle som vesentleg for læring gjennom praktisk handling. Dei relevante forskingsbidraga viser at elevar si meiningskaping i faget går føre seg i samhandling med andre og i vekselverknad mellom mentale og fysiske reiskap (Andersson, 2021; Frisch, 2013; Illum, 2004; Illum & Johansson, 2009; Johansson, 2002; Koskinen et al., 2015; Reitan, 2007). Tessem (2024) viser at samhandlinga og meiningsforhandlinga i klasserommet er viktig for elevane si læring og djupnelæringer i KH. Dette støtter opp under tanken om at aktiv deltaking i skulebaserte praksisfellesskap og praktisk skapande arbeid med materiale og verktøy er sentralt for å etablere eit fagleg repertoar i KH.

Likskap og divergens

Meiningsforhandlinga i fellesskapet vert framheva i både praksisfellesskapsteori og *Knowledge Building*. *Eit gjensidig engasjement* har likskap med prinsippet *Knowledge Building Discourse* som

viser til den pågåande prosessen der eit kunnskapsbyggande fellesskap deler, forhandlar, reforhandlar og vidareutviklar kunnskapsbasen sin (Scardamalia & Bereiter, 2010). Læring kan vere grunnen til at eit praksisfellesskap kjem saman – eller eit tilfeldig resultat av deltakarane si samhandling (Wenger-Trayner & Wenger-Trayner, 2015, s. 2). Deltakarane i praksisfellesskap kan utveksle erfaring og kompetanse, men også vere innovative, løyse problem og skape ny kunnskap (s. 7). Målretta kunnskapsforhandling og *the knowledge itself* er ikkje eit overordna mål på same måte som i *Knowledge Building* (Scardamalia & Bereiter, 1999, s. 276). Wenger (1998) forfektar at praksisfellesskapet påverkar kva og korleis den enkelte lærer, samt kva fagleg kunnskap fellesskapet deler, utviklar og opprettheld. Ei liknande dobbelheit kan sporast i *Knowledge Building* når det gjeld individuell læring og kunnskapsbasen fellesskapet utviklar: «Neither one can be reliably inferred from the other and the interaction between the two is vital» (Hong & Scardamalia, 2014, s. 279). Rammene for læring og kva læring som skjer vil også ha betydning for elevane si djupnelærings. Scardamalia og Bereiter (2010) bruker uttrykket *Community Knowledge* om kunnskapen fellesskapet utviklar ilag. Dette kan vere både idear, konsept og konkrete produkt (Hong & Scardamalia, 2014), noko som har likskapstrekk til *eit felles repertoar*. Prinsippet *Pervasive Knowledge Building* tydeleggjer at alle oppgåver og aktivitetar representerer ei anledning til kunnskapsarbeid. *Knowledge Building* refererer til kunnskapsbyggande prosessar der ein strekk og går utover grensene for tidlegare praksis med omgrepene *Rise Above* (Fauske, 2014; Scardamalia & Bereiter, 2010). *Knowledge Building* skal ha verdi for fellesskapet: “The knowledge that is created may not have much value beyond that local group [...] but within that group students are contributors to a common good” (Scardamalia & Bereiter, 1999, s. 276). Denne teoretiske inngangen gjer det interessant å undersøke det faglege repertoaret av delte ressursar eit skulebasert praksisfellesskap på mellomtrinnet øver inn og etablerer i KH etter målsettinga om djupnelærings, og elevane sine refleksjonar kring praksisen og eiga læring.

Metode, datainnsamling og analyse

Undersøkinga bygger på empiri frå ei kasusstudie (Stake, 2010) på 5. trinn. Data framkjem av deltakande observasjon (Fangen, 2010) gjennom 14 undervisingsøkter i KH à 90 minutt, totalt 21 timer. I tillegg til fotografi og notat frå observasjon er 12 halvstrukturerte, individuelle elevintervju (Kvale et al., 2015) og innhenta oppgåvetekstar del av datagrunnlaget. Førsteforfattar gjennomførte all observasjon før intervju. Utvalet består av tre kontaktlærarar for 5. trinn ved same skule og 12 elevar. Lærarane er valde strategisk og er eit såkalla *purposeful sample* (Patton, 2015). Utvalskriteriet var at dei skulle ha 30 studiepoeng eller meir i KH. Under observasjonsperioden var elevane på trinnet delte i tre grupper. Dei tre lærarane, vidare omtalte som L1, L2 og L3, underviste kvar sin oppgåveperiode med ulike målsettingar parallelt gjennom ein termin og elevgruppene rullerte mellom desse. Førsteforfattar gjorde eit tilfeldig val og observerte éi av gruppene gjennom dei tre oppgåveperiodane, vidare omtalte som P1, P2 og P3. Dei 12 elevane fekk først opplæring i P1, deretter P2 og til slutt P3, av høvesvis L1, L2 og L3, som vist i tabell 1. P1 er basert på eit undervisingsopplegg frå Skaperskolen (Skaperskolen, u.å.), medan oppgåvene i P2 og P3 er utarbeidd av lærarane på skulen. Det er først og fremst verkstadpraksisen og ikkje undervisingsopplegga som er analysert.

Tabell 1

Oppgåveperiodane kasusundersøkinga bygger på

Periode	P1	P2	P3
Observert	5 økter (januar–februar)	4 (av 5) økter (mars–april)	5 økter (april–mai)
Innhald	Elevane skal gruppevis designe og bygge éi miniatyr-trehytte i ei meterlang, avsagd grein.	Kvar elev skal ta utgangspunkt i ein drikkekartong for å lage eitt fuglebrett.	Elevane skal bygge kvart sitt sjakkspel i trevirke etter modell.
Lærar	L1	L2	L3
Elev	12 elevar (éi av tre grupper på 5. trinn)		

Merknad. Skjematiske oversikter over oppgåveperiodane som ligg til grunn for undersøkinga, aktivitetene som inngår i desse samt ansvarleg lærar. Elevgruppa er den same i alle periodane. Elevintervjua gjekk føre seg i juni, etter at oppgåveperiodane var avslutta.

I rolla som deltakande observatør (Fangen, 2010) gjorde førsteforfattar notat under opphaldet og fotograferte for å beskrivande registrere det som gjekk føre seg i verkstaden. Denne måten å bruke fotografi på i forskingsarbeid omtaler Rose (2023) som *descriptive photo-documentation*. Det vart gjort lydopptak med diktafon av instruksjonar gitt felles av læraren, feltsamtalar mellom observatør og elev, samtalar mellom elevar og mellom elev og lærar. Transkriberte lydopptak, fotografi og observasjonsnotat vart kopla saman for å revidere og gjere tekstrullaget meir utfyllande. Denne forma for datatriangulering (Creswell & Miller, 2000) har bidrige til å sikre eit detaljert og komplekst materiale. Etter observasjon vart det gjennomført individuelle, halvstrukturerte intervju (Kvale et al., 2015) på 10–15 minutt med kvar elev med utgangspunkt i ein enkel spørsmålsmal. Som vist i tabell 1 strakk kasusstudia seg over ein heil termin. Tidsrommet mellom intervju og oppgåveperiodane påverka truleg samtalens. Førsteforfattar tok høgde for denne svakheita ved metoden ved å plassere elevarbeida og fotografi frå periodane i grupperommet der samtalen fann stad. Det meste av tida fortalte elevane om sitt eige praktisk skapande arbeid. På spørsmål trakk dei også fram læringsutbytte frå kvar oppgåveperiode. Elevstemmene bidreg med eit innsideperspektiv på det erfarte læreplannivået (Goodlad, 1979).

Både lærarar, føresette og elevar fekk tilsendt informasjon i forkant av undersøkinga, og alle deltakarane samtykka til undersøkinga i si heilskap. Førsteforfattar spurte også om lov til å fotografere og gjere lydopptak underveis. I framstilling av funn kan både bruk av tekst og bilet saman (Phelan & Kinsella, 2013) og elevarbeida i fotografia gjere det vanskeleg å bevare full anonymitet. For å best verne anonymiteten til elevane er dei omtalt som E1, E2, E3, og så vidare. Undersøkinga er vurdert av Norsk Samfunnsvitenskaplig datatjeneste (NSD, no Sikt) og følgjer retningslinjene til Den nasjonale forskingssetiske komité for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi, NESH (2021).

Det visuelle og skriftlege datagrullaget som inngår i analysearbeidet er tett samanvevd. Metodisk trekker analysearbeidet derfor veksel på ulike former for tematisk innhaldsanalyse der forskaren har ei fortolkande rolle i analysearbeidet. Analysen er tilpassa materialet og gjort med støtte i Braun og Clark (2006, 2022) si forståing av *reflexive thematic analysis* (RTA) og Gleeson (2021) si analyseform *polytextual thematic analysis for visual data* (PTA). Analyseprosessen i PTA dreier seg om å granske visuelle uttrykk “[...] repeatedly while reading and considering the various cultural images and texts that enable their interpretation” (Gleeson, 2021, s. 542). Dette er treffande for denne undersøkinga og overeins med den abduktive tilnærminga (Alvesson & Sköldberg, 2018) granskings held. Data-grullaget er analysert i ein ikkje-lineær prosess etter RTA sine seks fasar (Braun & Clarke, 2022). I fase éin granska førsteforfattar datagrullaget (430 sider tekst og 60 av 869 fotografi) inngående for å få kjennskap til og sjå meiningsmønster i materialet. Fase to innebar ei abduktiv fortolkning av materialet i lys av forskingsspørsmålet samt teori om *eit felles repertoar* (Wenger, 1998) og djupnelærings. Data-grullaget er koda og organisert i kategoriar i programvara Nvivo14. Fase tre til fem dreidde seg om å generere, gjennomgå, definere og namnge tema på grunnlag av meiningsmønsteret i materialet. Heile den analytiske prosessen var fortolkande og refleksiv og tema utvikla seg i dialog med medforfattar, materialet og i framskrivinga av funn. I siste fasen vart analyseresultatet skrive ut og diskutert under tre tema: *Omdreいingspunkt for praksis, Retningsgjevande premiss og føresetnadar og Å øve inn og etablere eit felles, fagleg repertoar*. For å gjere PTA komplett, meiner Gleeson (2021) at ei visuell framstilling av analysen er essensiell (s. 551). I denne artikkelen vert analyserte fotografi presenterte i lag med ei tilhøyrande tekst og har ei sentral rolle i resultatframstillinga.

Innsideperspektiv på faget

Heile denne undersøkinga er gjort med eit innsideperspektiv (Fauske, 2016) på faget. Dette inneber at forskaren sjølv har kjennskap til og er del av det kunst og handverksfaglege fellesskapet. RTA og PTA verdsett og ventar at forskaren sin subjektivitet og refleksivitet pregar analysen. Gitte meininger og fortrulegheit til praksisfeltet kan gjere blind og svekka analysen sitt truverd, men nærleik til feltet kan

også rusta forskarar til å sjå det vesentlege og generere kontekstualisert kunnskap (Alvesson, 2003; Braun & Clarke, 2022). “The fact that we use a specific lens to view the images is precisely the thing that makes out interpretation culturally useful”, hevdar Gleeson (2021, s. 551). Eit innsideperspektiv som tek omsyn til faktorane som kan påverka forskarblikket kan ha klare fordelar i arbeidet med å utvide fagfeltet sin kunnskapsbase.

Analyse

Føremålet med denne undersøkinga er å granske kva fagleg repertoar av delte resursar eit skulebasert praksisfellesskap øver inn og etablerer som grunnlag for elevane si djupnelærings gjennom tre observerte oppgåveperiodar i KH på 5. trinn. Både diskursen praksisfellesskapet arbeider innan, det dei arbeider med og det dei arbeider fram, er del av repertoaret dei utviklar (Wenger, 1998). Temaet *Omdreiingspunkt for praksis* belyser det faglege innhaldet fellesskapet arbeider med og repertoaret som kjem til syne i praksisen. Vidare trekk *Retningsgjevande premiss og føresetnadar* fram sentrale premiss for repertoaret. Til slutt ser temaet *Å øve inn og etablere eit felles, fagleg repertoar* nærmere på prosessen med å etablere eit repertoar og innhaldet i dette samt elevane sitt erfarte læringsutbytte. Kvart tema bygger på fleire kategoriar og kodar frå det analyserte materialet. Desse er presentert i tabell 2 for transparens og for å styrke analysen sitt truverd.

Tabell 2

Tema i analysen sine bakanforliggende kategoriar og utvalde kodar

Tema	Omdreiingspunkt for praksis	Retningsgjevande premiss og føresetnadar	Å øve inn og etablere eit felles, fagleg repertoar
Kategoriar	Praktisk skapande arbeid	Overordna målsetting Oppfatta hensikt Læremiddel og handlingsrom	Det dei seier og gjer Måtar å gjøre ting på Å trekke veksel på andre Erfart læring
Kodar	Fagleg innhald Handling Ord Gjenstand Formuttrykk Prosess Fagomgrep	Kjernenelement Kompetansemål Lokalt læringsmål Verktøy Materiale Hensikt?	Teikne Måle Spikre Bygge Samanføye Samtale om Forklare Vise Planlegge Øve

Omdreiingspunkt for praksis

Analysen viser at det skulebaserte praksisfellesskapet etablerer eit fagleg repertoar av delte resursar som er uløyseleg knytt til praksisen som går føre seg. Under dette temaet presenterer kategorien *Praktisk skapande arbeid* omdreiingspunktet for praksisen og belyser kva som karakteriserer det faglege repertoaret som kjem til syne.

Praktisk skapande arbeid

Oppgåveperiodane i denne undersøkinga er anledningar til kunnskapsarbeid som på kvart sitt vis bidreg med byggesteinar til praksisfellesskapet sitt faglege repertoar. Datagrunnlaget i denne undersøkinga viser at praktisk skapande arbeid er omdreiingspunkt for dei tre oppgåveperiodane og at praksisfellesskapet øver inn og etablerer eit fagleg handlingsrepertoar basert på det faglege innhaldet i opplæringa. P1 går ut på å gjennomføre ein designprosess og bygge ein modell av ei trehytte tilpassa ein gitt brukar. Elevane arbeider i grupper på tre og bruker dei to første øktene på ideutvikling og planlegging. Observasjon viser tydelegare meiningsforhandling i denne delen av perioden enn i dei tre siste øktene der elevane i større grad fordeler arbeidsoppgåver seg i mellom for å bygge trehyttene.

Avslutningsvis presenterer gruppene trehyttene sine for kvarandre i plenum. I P2 lager kvar elev fuglehus av tomme drikkekartongar. I første økta utarbeider elevane nøyaktige plantekningar over fuglehuset sine fire veggjar. Desse gjev retning for det vidare arbeidet med å tilpasse og utforme drikkekartongane. Resten av perioden lager nokre elevar éin fuglematar, medan andre lagar to eller tre. Elevane dekorerer kartongen med akrylmaling før dei kombinerer, samanføyer og festar ulike materiale på denne. Arbeidet i P3, der elevane bygger kvart sitt sjakkspel i trevirke etter modell, er meir stringent enn i dei to andre periodane. Den første økta går ut på å teikne rutenett til spelet etter stegvis instruksjon. Dei fire siste øktene i perioden bygger elevane sjakkskrinet og dekorerer sjakkmønsteret.

Observasjon viser at ideutvikling, kreativitet og problemløysing er sentralt i både P1 og P2. Elevane transformerer konseptuelle idear til materiell form gjennom utforskande prosessar med stor grad av fridom innan gitte rammer i desse periodane. I P3 er material- og verktøyhandtering sentralt, og elevane øver fortrinnsvis på å utvikle handverksferdigheiter gjennom å bruke handsag og hammar i arbeid med tørt trevirke. Praksisen rommar både kroppslege og sanselege erfaringar og vurderingar. Den tydelegaste fellesnemnaren som kjem fram av analysen er at elevane får erfaring med heilskaplege, skapande prosessar som strekk seg frå ide til ferdige gjenstandar i alle periodane. Wenger forklarer at aspekt ved praksisen og erfaringar frå denne kan gi uttrykk i fast form (1998, s. 59). Elevarbeida i figur 1 representerer det faglege innhaldet praksisfellesskapet arbeider med gjennom dei tre periodane og illustrerer variasjonar mellom desse. Forklart med Wenger viser elevarbeida som er arbeidd fram i periodane “[...] only the tip of an iceberg” (Wenger, 1998, s. 61) – dei fortel ikkje så mykje om kva elevane har lært.

Figur 1

Elevarbeid frå oppgåveperiodane



Merknad. Dei tre oppgåveperiodane i undersøkinga artar seg ulikt, men alle munnar ut i eitt eller fleire fysiske elevarbeid. Trehytta til venstre er eit elevarbeid frå P1, fuglehuset i midten er frå P2 og sjakkspelet til høgre er frå P3.

Retningsgjevande premiss og føresetnadar

Dette temaet omfattar kategoriane *Overordna målsettingar*, *Oppfatta hensikt* og *Lærermiddel og handlingsrom*. Undersøkinga viser at praksisfellesskapet sitt faglege repertoar er styrt av fleire faktorar. Med Wenger (1998) kan ein seie at nasjonale føringar samt lokalt gitte og lærarstyrte rammer formar praksisfellesskapet si *felles oppgåve*.

Overordna målsettingar

Både observasjon og innsamla dokument viser at P1, P2 og P3 er gjennomførte etter gitte målsettingar. Samla rommar periodane 6 kompetansemål etter 7. trinn og kjernelementa Handverksferdigheiter (HF), Kunst- og designprosessar (KD) og Visuell kommunikasjon (VK), som vist i tabell 3. Kompetansemåla som er lista i tabellen rammar inn og legg føringar for praksisen. Kompetansemåla for periodane inneholder aktive verb som *lage*, *bygge* og *bruke*, og legg opp til utøvande arbeidsformer og eit fagleg handlingsrepertoar av kunnskapar og ferdigheiter. L1 og L2 operasjonaliserte kompetansemåla til lokale læringsmål. Desse er presenterte i tabell 4 for å synleggjere lærarane si fortolking og konkretisering av LK20 i arbeidet med å legge til rette for elevane si læring og djupnelæringer. Samanhengen mellom valte kompetansemål, læringsmål og undervisingspraksisen impliserer at lærarane har intensjon om å følge føringane i det gjeldande læreplanverket. Observasjon viser at alle lærarane presenterer kompetansemål og lokale læringsmål innleiingsvis i oppgåveperiodane. Målsettingane vert i liten grad repeterte for elevane undervegs i periodane, men ligg likevel som ei rettesnor for undervisinga.

Tabell 3

Kompetansemål og kjerneelement for P1, P2 og P3

Kompetansemål for KH etter 7. trinn	Kjerne-element	P1	P2	P3
Bruke ulike handverktøy og elektriske verktøy for å arbeide vidare med og samanføye harde, plastiske og mjuke materiale på ein trygg og miljømedviten måte	HF	x	x	x
Bruke ulike strategiar for idéutvikling og problemløysing	KD, VK	x	x	
Undersøke materiala i ulike gjenstandar og vurdere funksjon, haldbarheit og moglegheiter for reparasjon og gjenbruk	KD, HF	x		
Bygge og eksperimentere med stabile konstruksjonar	KD, HF	x		
Bruke digitale verktøy til å planlegge og presentere prosessar og produkt	KD, VK	x		
Designe og lage ei utstilling som viser fram prosess og produkt	KD, VK	x		

Tabell 4

Læringsmål for P1, P2 og P3

Lokale læringsmål	
P1	Arbeide kreativt med material, teknikkar og verktøy Fortelje kva ein prototype er og designe ein prototype
P2	Skal lære å bruke ulike handverktøy som: kniv, saks og limpistol Eg kan lage minst eitt fuglebrett i gjenbrukskartong
P3	Bruke ulike handverktøy og elektriske verktøy for å arbeide vidare med og samanføye harde, plastiske og mjuke materiale på ein trygg og miljømedviten måte

Merknad. Kompetansemåla, standarden for forventa læringsutbytte, er konkretisert i underliggende læringsmål. Tabellen tydeleggjer kva lærarane vil at elevane skal arbeide med og lære i P1, P2 og P3.

Oppfatta hensikt

Dei tolv elevane gjev ikkje særleg uttrykk for å ha oppfatta kva lærarane har til hensikt at dei skal lære i dei tre oppgåveperiodane. Det kjem fram av intervju at elevane oppfatta hensikta med P1 som “Å lære å lage trehytter” (E9), “Bruke fantasien og det materialet du har tilgjengeleg” (E3) og “Å setje saman ting” (E2). Når det gjeld P2, trur ein elev at læraren vil dei skal lære “Å vere kreative” (E8), medan ein annan trakk fram “Lære å bruke lim og male” (E2). Berre ein elev fortel at P3 dreier seg om “Å lære å bruke verktøy” (E2). Andre sa at dei «ikkje veit» (E5, E7). Utover dette verkar elevane usikre på kva

dei er venta å lære i dei tre periodane. Alle elevane ser derimot ut til å ha klart for seg kva dei skal gjere i kvar periode og arbeider målretta med å framstille eitt eller fleire konkrete produkt, aleine eller saman. Dette indikerer at det faglege innhaldet og læringsaktivitetane pregar praksisfellesskapet si *felles oppgåve* (Wenger, 1998) meir enn dei overordna målsettingane for arbeidet gjer.

Lærermiddel og handlingsrom

Undersøkinga viser at lærarane si formidling og bruk av tidlegare elevarbeid, *visuelle verktøy* jamfør Lutnæs (2011), var klargjeraende for *den felles oppgåva*. Alle lærarane viste fram tidlegare elevarbeid som døme på kva produkt elevane var venta å lage. L1 brukte i tillegg video i undervisinga. Slik sørga lærarane for at elevane hadde ei felles forståing for kva dei skulle gjere. Analysen viser også at dei fysiske omgjevnadane påverka innhaldet i opplæringa og læringssituasjonane. I P3 er det særleg avgjerande at undervisinga er lagt til eit godt utstyrt spesialrom for arbeid i materialet tre. Praksisfellesskapet følger rytmen i skuledagen og lærarstyrte rutinar gjennom arbeidsøktene, men det er i hovudsak tida som er til disposisjon som avgrensar opplæringa. Desse faktorane, med sine moglegheter og avgrensingar, legg premiss for praksisen i dei tre periodane. Vidare viser observasjon at bruk av materiale og verktøy er ein føresetnad for arbeidet og utviklinga av eit fagleg repertoar. P1 og P2 involverer mange av dei same verktøya og materiala sjølv om elevarbeida som kjem ut av prosessane er ulike. P3 involverer arbeid med få materiale og opplæring i bruk av fleire verktøy. Tabell 5 gjev ei skjematisk oversikt over kva verktøy og materiale som er i bruk i dei tre periodane. Praksisfellesskapet sitt faglege repertoar ville vore annleis med eit anna utgangspunkt.

Tabell 5

Oversikt over dei fleste verktøya og materiala som var i bruk i P1, P2 og P3

Verktøy	P1	P2	P3	Materiale	P1	P2	P3
Handverktøy							
Spikkekniv							
Saks	x	x		Rått trevirke	x		x
Klypetang	x			Tørt trevirke	x		x
Pensel	x	x		Småstein		x	
Linjal		x	x	Prefabrikkerte treartiklar	x	x	
Handsag	x		x	Mjuke materiale			
Hammar	x		x	Plastavfall	x	x	
Sandpapir			x	Ull	x	x	
Vinkelhake			x	Bomull	x		
Skrujern			x	Svamp	x	x	
Elektriske verktøy							
Limpistol	x	x		Piperensar		x	
Drill	x		x	Mose, gras	x		
Kontursag			x	Plastiske materiale			
Svipenn			x	Plastilina		x	
Anna							
Kartong, papir							

Merknad. Oversikten seier lite om kva som gjekk føre seg i periodane, men fortel noko om handlingsrommet til praksisfellesskapet.

Å øve inn og etablere eit felles, fagleg repertoar

I samhandling med kvarandre og med læraren og gjennom bruk av verktøy og materiale øver elevane inn eit fagleg repertoar som fasiliterer kompetanseutviklinga deira i KH. Dette temaet omfattar fire kategoriar. *Det dei seier og gjer* belyser sentrale element i repertoaret medan nyansar i handlingane er trekte fram i *Måtar å gjere ting på*. *Å trekke veksel på andre* viser at den sosiale konteksten har betydning for utviklinga av eit fagleg repertoar og kvaliteten på dette. Elevane sitt opplevde læringsutbytte vert belyst avslutningsvis under *Erfart læring*.

Det dei seier og gjer

Analysen viser at praksisfellesskapet utvidar sitt faglege repertoar gjennom praktisk handling, samhandling og dialog. Både relasjonelle, kroppslege, skapande og affektive aspekt er sette i spel i denne prosessen. Hjå Wenger er det handlinga og ikkje språkleg samhandling som står i sentrum (Dysthe, 2001). I denne undersøkinga er kommunikasjonen i stor grad kombinert med handling og har både eit nonverbalt og eit artikulert innhald. Dale (2008) meiner at handlings- og erfaringspraksisen i skulebasert praksisfellesskap bidreg til ei felles forståing for betydninga av skulefaget sitt språk (s. 94). Når elevane lærer og bruker fagterminologi i arbeidet, utviklar praksisfellesskapet fagspråket sitt. Dette kjem særleg til syne i P3 når dei vert introduserte for og skal bruke verktøy dei ikkje kjenner frå før, som t.d. vinkelhake og kontursag. Elevane og lærarane forhandlar og utviklar meiningsmedan dei designar, bruker, skaper, namngjev, skildrar og fortolkar fysiske gjenstandar og formuttrykk og set ord på handlingar. Refleksjon i og over handling er del av dette. Slik er fleire heterogene element (Wenger, 1998) del av eit fagleg repertoar som først og fremst er handlingsorientert – men samtidig også ferdigheitsorientert. Det å øve inn og etablere eit fagleg repertoar av delte resursar og å tilegne seg kunnskap og trenre praktiske ferdigheter gjennom praktisk utøving og opplæring går hand i hand for elevane.


Måtar å gjere ting på

Det er gjennomgående at praksisfellesskapet bruker manuelle verktøy og fysiske materiale i oppgåveperiodane. I tillegg inkluderte alle periodane teikning, maling, samanføyning og konstruksjon av materiale. Sidan materiala og verktøya vert brukt på ulike måtar og med forskjelle ge føremål trener elevane likevel ulike ferdigheter. Dei får erfaring med *ulike måtar* å gjere ting på og vert utfordra på å overføre det dei veit og kan til nye samanhengar. Dette bidreg til større breidd og fleire nyansar i det faglege repertoaret.

Eksempelvis dreier det innleiande arbeidet i periodane seg om å teikne. Det framkjem av figur 2–4 at elevane brukte blyanten som reiskap for å lage skisser (P1), planteikningar (P2) og rutenett (P3), men på ulike måtar og med ulike hensikter. L1 legg opp til at elevane skal forhandle meiningsmedan i mellom, både verbalt og med skisser som visuelle verktøy. I P2 er arbeidet mindre spontant. Elevane teiknar på ein annan måte og kvar for seg. I begge desse periodane kan elevane si visualisering av konseptuelle idear og løysingar springa ut frå deira eiga erfaring og livsverd. L2 rettar elevane si merksemd mot funksjonen gjenstanden dei designar skal ha og kva element dei bør inkludere i planteikninga. Arbeidet i P3 er meir styrt og dreier seg fortrinnsvis om å bruke matematiske framgangsmåtar for å nå eit planlagd resultat. Den tekniske utføringa er vesentleg og nøyaktigkeit vert framheva av L3 som ein prioritet. Alle deltakarane i praksisfellesskapet har teikna før. Læringsaktivitetane gjev moglegheit til å utvikle teikneferdighetene, øve evna til å visualisere og bygge forståing for at teikning kan ha ulike hensikter.

Figur 2–4

Elevane får erfaring med nokre arbeidsmåtar innan sjangeren teikning

Figur 2		<p>I P1 lagar fire elevgrupper kvar si skisse der dei tek omsyn til ulike kriterium for utforming av trehyttene dei skal bygge. Denne strategien for ideutvikling og problemløysing legg opp til stor grad av meiningsforhandling. Elevane får hove til å utvikle evna til å sette ord på, visualisere, teste og korrigere ideane sine.</p>
Figur 3		<p>P2. Elevane utarbeider ein nøyaktig plan, det dei omtaler som ei planteikning, som utgangspunkt for vidare arbeid med tredimensjonal form. I designprosessen er ideutvikling sentralt. Elevane øver på å planlegge handlingar og objekt. Dei trekker veksel på kvarandre sine idear og visuelle uttrykk. Problemløysing er ein større del av arbeidet med å omsetje idear til materiell form.</p>
Figur 4		<p>Første del av P3 dreier seg om å teikne rutenett (sjakkmonster) på ei MDF-plate. Prosessen er lagt opp stegvis og arbeidet er direkte kopierande. Elevane øver praktisk matematikk og nøyaktighet. Observasjon viser at framgangsmåten er vanskeleg å skjøne for mange av elevane. Dei aller fleste treng rettleiing frå læraren, og læraren si forteljing ved instruksjon viser seg vesentleg for forståinga deira fram til elevane ser rutenettet ta form framføre seg.</p>


Vidare synleggjer figur 5–7 variasjonar av samanføyning frå periodane. I P1 og P2 er ikkje samanføyning eit stort fokus frå læraren si side, men er likevel sentralt for mykje av arbeidet med å konstruere form. Undervisinga involverer ikkje opplæring i bruk av verktøy, men gjev rom for utforsking av materiale. Elevane får erfaring med enkle samanføyningsteknikkar av både like og ulike materiale, i hovudsak gjennom bruk av limpistol. I P3 får elevane opplæring i å samansøyre tørt trevirke ved hjelp av hammar, drill og skrujern. Innøving av teknikk og praktiske ferdigheiter er vektlagt. Arbeidet bidreg til større kunnskap om og erfaring med materiala sine eigenskapar og kvalitetar samt at ulike verktøy dekker

ulike funksjonar. Analysen indikerer også at arbeidet med samanføyning i P1 og P2 i store trekk bygger på handlingar som liknar eller overlappar, medan handlingane i P3 skil seg vesentleg frå desse. Kva materiale som vert samanføydd og korleis samanføyninga vert gjort har betydning for repertoaret fellesskapet øver og etablerer.

Figur 5–7

Variantar av samanføyning ved hjelp av hammar og limpistol, etter kompetanse mål for KH etter 7. trinn om å samanføye materiale ved hjelp av ulike handverktøy og elektriske verktøy.

Figur 5



I P1 vel alle gruppene å skru fast greina som trehytta skal stå i til ein base ved hjelp av drill. Dei lærer om stabile konstruksjonar. Resten av hytta set dei saman med lim. I dei påfølgjande oppgåveperiodane tek elevane også i bruk limpistol (P2) og drill (P3).

Figur 6



I P2 samanføyer elevane både like og ulike materiale ved hjelp av limpistol. Når alt kjem til alt, får det fritt skapande forrang trass grundig utarbeidde planar for fuglehusa.

Figur 7



Arbeidet i P3 dreier seg i hovudsak om å bruke utvalde verktøy og materiale, nærmere bestemt å sage eller spikre i tørt trevirke. Elevane øver på teknikk, som å ha rett grep om verktøyet, og å vere uthaldande. Arbeidet gjev erfaring med nokre av eigenskapane til materialet, men også kor hardt dei må hamre for å slå spikaren ned i det gitte trevirket. Dei blir også kjende med arbeidsrutinar i treverkstaden.

Å trekke veksel på andre

Gjennom engasjementet i oppgåvene har deltakarane tilgang til og er delaktige i å øve inn og etablere det felles repertoaret. Analysen viser at praksisfellesskapet utviklar eit delt repertoar ved bruk av verktøy og materiale i samhandling med kvarandre og med læraren. Frå observasjon kjem det til syne eit *gjensidig engasjement* som ber preg av ein sterk delingskultur blant deltakarane i fellesskapet, både mellom elevane og lærar-elev, der dei deler det dei veit, kan og har erfart med kvarandre. Det vert tydeleg at læraren sin faglege kompetanse er høgare enn elevane sin. Opplæringa har koplinger til meisterlærertradisjonen (K. Nielsen & Kvæle, 1999), og mykje tydar på at lærarane sine *forteljingar ved instruksjon* er avgjerande for elevane sitt engasjement i praksis. Elevane oppsøker læraren hyppig gjennom alle periodane, men særleg i P3, sidan dei fleste treng opplæring i å sage, hamre og skru. I denne perioden viser opplæringa seg også å vere vesentleg for korleis elevane utfører desse handverksteknikkane, noko tidlegare forsking også viser (Andersson, 2021). I samtale med lærarane og kvarandre set elevane ord på det dei får til og treng hjelp til. I intervju er elevane samstemte når dei fortel at dei ikkje trond særleg hjelp frå lærarane. Alle elevane fortel at dei har hjelpt eller fått hjelp av medelevar. Observasjon viser at elevane modellerer og forklarer teknikkar og framgangsmåtar for kvarandre i alle periodane, i tillegg til å gje kvarandre praktisk hjelp. E2 trur at medelevarane “lærer mykje” av at han modellerer ulike teknikkar for dei, medan E9 fortel korleis eigne ferdigheiter med å spikre, sage og hamre først var overført frå far til eleven sjølv og vidare til medelevar:

Eg hjelpte nesten alle og synte korleis ein skulle spikre. Sidan meg og [...] spikra ikkje heilt likt. For, eg kan jo ganske godt spikre, hamre og sage og alt det, sidan eg har ein sagete far, ein sånn byggeføredre. (Elev E9)

Det gjensidige engasjementet der praksisfellesskapet deler, forhandlar og reforhandlar kunnskap gjev grobotn for både læring og feillæring. Gjennom periodane finn elevane inspirasjon hjå kvarandre. Til dømes prøver E6 ut ein ny måleteknikk i P2 fordi eleven “såg at [...] gjorde det, så ville eg også gjere det”. Dette er eitt døme på at repertoaret ikkje berre er ein ressurs for vidare forhandling av meinings, men at det praktisk skapande arbeidet også framkallar vidareutvikling av eigne og andre deltakarar i fellesskapet sine idear.

Erfart læring

Det kjem fram av observasjon og intervju at deltakarane har ulike forkunnskapar og ferdigheiter. Elevane verkar fortrulege med det faglege innhaldet i P1 og P2 og fortel at dei har måla og teikna ein del tidlegare, men som E6 seier “Eg har liksom aldri gjort dette før”. Når det gjeld P3 ser det faglege innhaldet ut for å vere nytt for mange av elevane. Når elevane får spørsmål om læringsutbytte frå dei ulike periodane legg dei vekt på ulike ting, og gjerne konkrete læringserfaringar. Når det gjeld P1, meiner to elevar å ha lært at “Samarbeid gjer alt enklare” (E11, E12). Ytterleg to elevar fortel at dei ikkje har lært noko (E1, E8), medan fleire andre er usikre på eige læringsutbytte. Ein av dei trekker fram “Å bygge ting av ting du finn ute i naturen” (E4). Også når det gjeld P2 er svara sprikande. To elevar trur ikkje dei har lært noko (E1, E12). Resten av gruppa opplever derimot å ha lært noko, eksempelvis “Å lage fuglehus av pappting” (E11), “At det er vanskeleg å lime strå” (E8) og “Kva eg kunne bruke ulike ting til, som eg aldri har tenkt på før” (E3). Intervjuet indikerer at det erfarte læringsutbyttet var høgast i P3. Elevane koplar i stor grad læringa til bruk av verktøy, noko som står i forhold til målsettinga for perioden. Dei fortel til dømes at dei har lært å “bruke kontursag” (E1, E10), “feste hengsler” (E2), “måle nøyne” (E10) og “hamre spiker” (E4). E3 seier: “Eg har lært mykje me kjem til å få bruk for i sløyden”.

Diskusjon

Denne artikkelen ser på kva fagleg repertoar av delte resursar eit skulebasert praksisfellesskap øver inn og etablerer som grunnlag for djupnelæring i KH. Med LK20 vart djupnelæring, som går ut på å kunne tilegne seg kunnskapar og ferdigheiter og ta i bruk desse i nye situasjonar, ei overordna målsetjing for elevane i norsk skule. Klassesituasjonen rammar inn opplæringa i skulen, og denne artikkelen ser nærmare

på praksisen i eit spesifikt praksisfellesskap der praktisk skapande arbeid er omdreiingspunkt. Drøftinga nedanfor tek føre seg sætrekk ved det faglege repertoaret fellesskapet utviklar, følger av spennet mellom deltakarane sin faglege kompetanse og i kva grad praksisen legg grunnlag for elevane si djupnelæringer.

Å strekka grensene for tidlegare praksis

Som prinsippet *Pervasive Knowledge Building* (Scardamalia & Bereiter, 2010) tydeleggjer, kan alle oppgåver og aktivitetar representera ei anledning til kunnskapsarbeid. Det inkluderer også den praktiske kunnskapsdimensjonen. I denne undersøkinga definerer tre oppgåveperiodar handlingsrommet til eit skulebasert praksisfellesskap. Periodane fordrar aktiv deltaking og praktisk handling, og det bidreg til ein *felles*, fagleg kunnskapsbase at deltakarane er engasjert i det same, faglege innhaldet i ein aktiv og sosial prosess. Praksisfellesskapet øver inn og etablerer det som viser seg å vere eit fagleg ferdigheitsorientert handlingsrepertoar. Ein kan sjå dette funnet i samband med KH sin praktiske skapande karakter (Meld. St. 28 (2015-2016)) og kjernelementa sine formuleringar mot læringsgjennom praktisk handling (Borgen et al., 2023, s. 43; Kunnskapsdepartementet, 2020). Å øve praktiske ferdigheiter er i tråd med *Læreplan i KH* og står i forhold til verdigrunnlaget for opplæringa (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 6, 2020, s. 2). Det faglege repertoaret praksisfellesskapet utviklar består av fleire heterogene element (Wenger, 1998) som vert forbunde i praksis gjennom praktisk skapande arbeid med materiale og verktøy. Konkrete handlingar, verktøy, måtar å gjere ting på, praktisk problemløysing, kunnskapar, ord og forteljingar er sentrale element, men repertoaret inkluderer også meir eller mindre abstrakte komponentar som prosessforståing, kreativ tenking, estetisk erfaring og sanseleg vurderingsevne.

Analyse av data frå observasjon viser at det skulebaserte praksisfellesskapet utviklar kunnskapsbasen sin over tid gjennom praksis, samtidig som dei strekk og går utover grensene for tidlegare praksis. Dette har gjenklang i *Knowledge Building* og prinsippet *Rise Above* (Scardamalia & Bereiter, 2010). Progresjonen er særleg tydeleg i P3 når fellesskapet arbeider målretta mot spesifikke handverksferdigheiter. Fellesskapet tileignar seg nye kunnskapar og ferdigheiter og utviklar det faglege repertoaret sitt gjennom praktisk skapande arbeid medan dei aktiviserer historia si av felles mening (Wenger, 1998), forstått som det faglege repertoaret som allereie er etablert. Det omfattar både kroppslege erfaringar, sanseopplevelingar og kunnskapar. Eit ferdigheitsbasert kunnskapsinnhald krev øving og repetisjon, og i KH er det vesentleg at praksisfellesskapet bygger erfaring på erfaring for å vedlikehalde og vidareutvikle det faglege handlingsrepertoaret. Gjentekne erfaringar og læringsprosessar som introduserer eit emne på stadig meir avanserte nivå kan i følgje Tessem (2024) bidra til auka kompetanse og forståing. Jamfør Wegner (1998) er eit delt repertoar ein resurs for vidare meiningsforhandling nettopp på grunn av praksisfellesskapet si historie av felles mening – men berre fordi repertoaret også er ibuande fleirtydig. Noko av det ibuande fleirtydige i kunst og handverksfaget gjer seg gjeldande i denne undersøkinga når praksisfellesskapet teiknar og samanføyar materiale på ulike måtar og med ulike hensikter. Å møte faglege prinsipp og arbeidsmåtar i ulike oppgåveperiodar gjennom opplæringsfølget kan i eit større perspektiv bidra til at den enkelte erfarer og forstår samanhengen mellom bestanddelane i KH. Dette er sentralt for djupnelæringer i faget.

Delte resursar i eit lærande praksisfellesskap

Denne undersøkinga finn at elevane forhandlar mening med kvarandre og lærarane medan dei utviklar det faglege repertoaret sitt, men at læringa tilhøyrer den enkelte. Dette funnet samsvarer både med slik Wenger (1998) og Scardamalia og Bereiter (1999) omtaler lærande fellesskap og individ si læring i ein sosial kontekst og med anna relevant forsking i faget som held eit sosiokulturelt perspektiv (Andersson, 2021; Illum, 2004; Johansson, 2002; Reitan, 2007; Tessem, 2024).

Samla framstår elevane sine bidrag i meiningsforhandlinga med kvarandre nokså jamne. Elevane sine forkunnskapar og erfaringar, personlege eigenskapar og interesser har ikkje vore fokus i denne undersøkinga, men materialet viser at dei deltek i praksisen med ulik erfaringsbakgrunn og faglege føresetnadar. Eksempelvis spikrar nokre elevar første gong medan andre, til dømes eleven som fortel

om sin “sagete far”, har litt meir erfaring. Ein elev kunne bruke lang tid på å sage eit emne svært nøyaktig, medan ein annan kunne vera meir oppteken av sage raskt enn beint og rett. Elevane har også ulike preferansar og interesser. Eksempelvis føretrekk nokre å måle framføre å teikne eller omvendt. Dette viste seg av og til å prege engasjementet deira i praksisen, som jamt over er høgt. Elevane er snare til å trekke veksel på kvarandre, dele erfaringar og utveksle idear. Dette er tydeleg i alle oppgåveperiodane, ikkje berre i P1 der elevane arbeider i grupper. Analysen viser at meaningsutveksling mellom elevane er konstruktivt for ideutviklinga deira. Dei bruker fantasien sin og speler vidare på kvarandre sine idear. Samtidig må ein forvente at dersom elevane modellerer handlingar eller gjev kvarandre praktisk hjelp, er sjansen større for at feillærings skjer. Praksisfellesskapet påverkar på godt og vondt den faglege kunnskapen elevane deler, utviklar og opprettheld samtid den enkelte eleven si læring (Wenger, 1998).

Materialet viser eit spenn mellom lærarane og elevane sitt faglege repertoar. Alle lærarane har formalkompetanse i KH, og det kjem fram av intervju og observasjon at mykje av det faglege innhaldet i oppgåveperiodane er nytt for elevane. Dette kan ein sjå i lys av det Wenger (1998) omtaler som ein ujamn maktbalanse i praksisfellesskapet. Elevane er noviser, og det er tydleg at dei har behov for grunnleggande opplæring. Analysen fortel oss at læraren har stor påverknadskraft i praksisfellesskapet. Dei vala og prioriteringane lærarane gjer for og i undervisinga når det gjeld innhald og form på opplæringa legg klare premiss for det faglege repertoaret. Når det gjeld det ferdighetsbaserte kunnskapsinnhaldet i KH, viser det seg viktig for utviklinga av eit felles fagleg repertoar og for den enkelte si læring at lærarane *kan* det dei arbeider med. Dei gjer kompetansen sin tilgjengeleg for elevane og rettar merksemda deira mot det som er vesentleg i praksisen. I tillegg legg dei til rette for at den enkelte eleven kan utvikle kunnskapsbasen sin i eit lærande fellesskap. Nyare forsking innan KH lyfter fram viktigheita av læraren sin *Making Knowledge*, forstått som at læraren meistrar den utøvande dimensjonen og har eit innsideperspektiv på faget (Forfattar, under arbeid). Det ser ut til å komme elevane i denne undersøkinga til gode at læraren er ein meir kompetent andre.

Eit steg nærmare djupnelærung

Oppgåveperiodane i denne undersøkinga er basert på målformuleringar i gjeldande læreplan og har den enkelte eleven si læring og djupnelærung som mål. Både teori og praksisfellesskap (Wenger, 1998) og *Knowledge Building* (Scardamalia & Bereiter, 1999) ser ein nær samanheng mellom eit fellesskap sin kunnskapsbase og individuell læring. Det er sentralt å spørje seg om kunnskapane, ferdighetene og haldningane elevane sit att med er i tråd med lærarane sine intensjonar. Analysen viser at elevane reflekterer lite over kva som er hensikta med periodane og indikerer at det kan vere vanskeleg for elevar tidleg på mellomtrinnet å sjå samanhengen mellom målsettingane for oppgåveperiodane, praksisen og eige læringsutbytte. Det er også eit diskusjonspunkt at elevane i denne undersøkinga skjønar oppgåvene dei er gitt, men «ikkje veit» eller har heilt klart for seg dei overordna målsettingane om forventa læringsutbytte. *Gjenstanden* ser ut for å vere elevane sitt mål med praksisen. Intervju gjev innsyn i kva elevane oppfattar er *den felles oppgåva* og deira erfarte læring. Teikn på fagleg utvikling kan også sporast i det empiriske materialet elles, og det kjem tydelegast fram i P3 der elevane øvde spesifikke handverksferdigheiter. Det viser seg at elevane tilsynelatande berre oppfattar brotstykke av det dei er meint å lære, og at dei i liten grad set ord på det dei har lært. Dette kan skuldast at det er vanskeleg å hugse tilbake til periodane, særleg P1 og P2, då desse vart gjennomført ei stund i forkant av intervjua, men kan også forklarast med elevane sin alder og at dei framleis berre er halvvegs i grunnopplæringa. Som også Tessem (2024) påpeikar, vil elevane sitt modningsnivå og evne til sjølvregulert læring stå i forhold repertoaret dei tileignar seg, utviklar og set ord på. Det må seiast at læringa elevane likevel set ord på, som å «lage ting eg ikkje har tenkt på før» og «å hamre spiker», ikkje står i motsetnad til måla for oppgåveperiodane. Ideutvikling og utvikling av handverksferdigheiter er sentralt i desse. Dei konkrete læringserfaringane elevane omgrepstestar, framhevar kan hende i større grad at elevane konstruerer “[...] an understanding of the world as the students know it” (Scardamalia & Bereiter, 1999, s. 277). Dette *kan* vere eit steg mot djupnelærung, men det kjem an på fortsetjinga.

Dei tre oppgåveperiodane i denne undersøkinga viser eit utsnitt av tiårig undervisningsforløp. Materialet indikerer at det tek tid og målretta arbeid å etablere eit fagleg repertoar av delte resursar og å utvikle kompetanse som svarer til målskildringane i *Læreplan i KH*. I følge Brænne og Sømoe (2022, s. 11) vert KH halde saman av at faglege tema og aktivitetar liknar på kvarandre. Samtidig er allsidig bruk av verktøy, materiale og teknikkar naturleg i KH og står i forhold til den samansette kompetansen elevane skal tilegne seg i faget (Kunnskapsdepartementet, 2020). Variasjonar mellom oppgåveperiodar kan likevel medføra at elevane oppfattar det faglege innhaldet som fragmentert. I så fall kan det vere ei krevjande øving å trekke med seg læring frå ein oppgåveperiode til ein annan og sjå samanhengar mellom fagområde innanfor faget. Dette framhevar viktigeita av at lærarar i KH er bevisste på elevane sine forkunnskapar og korleis dei i ulike oppgåveperiodar bidreg til å etablere eit fagleg repertoar av delte resursar som elevane kan dra veksel på og bygge vidare på seinare i opplæringa. Slik det framkjem av LK20, står dette i forhold til elevane si utvikling av djupnelærings i faget. I seinare studiar er det derfor interessant å sjå nærmare på *overføring* mellom oppgåveperiodar i KH. Det manglar ei drøfting når det gjeld kva element og samanhengar grunnskuleelevar i KH er venta å kunne bruke og trekke med seg til andre samanhengar, både mellom oppgåveperiodar, innan fagområde og til kvardags- og seinare yrkesliv.

Avsluttande refleksjon

Denne artikkelen baserer seg på eit empirisk materiale frå ein norsk barneskule og arbeid innan gjeldande læreplanverk, LK20, innan tre av fire kjernelement i KH. Artikkelen set søkelys på det faglege repertoaret av delte resursar eit skulebasert praksisfellesskap på 5. trinn øver inn og etablerer gjennom tre observerte oppgåveperiodar i KH etter målsetjinga om djupnelærings. Undersøkinga bygger opp under ein diskusjon retta mot spranget mellom å øve inn og etablere eit fagleg repertoar og djupnelærings. Analysen vitnar om ein læringsprosess der elevane er aktivt involverte og fagleg engasjerte. Samtidig viser elevane sine handlingar at dei har eit stikkje å gå før dei praktiske ferdighetene i det faglege repertoaret sit ordentleg. I tillegg vitnar refleksjonane deira om ei noko fragmentert forståing. Når det gjeld læringsutbytte, kan ein derfor spørje om djupnelærings er for mykje å be om på 5. trinn. Det er, kan hende, meir sannsynleg at det er i barneskulen ein skal legge *grunnlaget* for elevane si djupnelærings i KH, ved å øve inn og etablere eit fagleg repertoar gjennom grunnleggande opplæring i kjernelementa og praktisk skapande arbeid med materiale og reiskap.

Gjennom ei analytiske triangulering mellom innsamla dokument, intervju og notat og fotografi frå deltakande observasjon, bidreg denne artikkelen med meir kunnskap om det som ligg mellom intensjon og erfaring i skulen. Sjølv om storleiken på utvalet er ei avgrensning ved undersøkinga som gjer at resultata ikkje kan generaliserast, bidreg artikkelen med forskingsbasert kunnskap som tydeleggjer KH sin ferdighetsbaserte kunnskapsbase. Dette kan ha relevans for vidare undersøkingar i møte med gjelande og komande læreplanar, også innan andre fag. Artikkelen inviterer til ein vidare diskusjon om djupnelærings i faget som tangerer perspektiv på det relasjonelle, kroppslege, skapande, affektive og kognitive.

Referansar

- Alvesson, M. (2003). Methodology for Close up Studies: Struggling with Closeness and Closure. *Higher education*, 46(2), 167–193. <https://doi.org/10.1023/A:1024716513774>
- Alvesson, M., & Sköldberg, K. (2018). *Reflexive methodology: New vistas for qualitative research* (3. utg.). SAGE.
- Andersson, J. (2021). *Kommunikation i slöjd och hantverksbaserad undervisning* [Doktorgradsavhandling, Göteborgs universitet]. <http://hdl.handle.net/2077/67190>
- Antun, A. G. S. (2022). Fagdidaktisk modell. *Techne serien - Forskning i slöjdpedagogik och slöjdvetenskap*, 29(2), 45–57. <https://doi.org/10.7577/TechneA.4535>
- Borgen, J. S., & Hjardemaal, F. R. (2017). From general transfer to deep learning as argument for practical aesthetic school subjects? *Nordic journal of studies in educational policy*, 3(3), 218–229. <https://doi.org/10.1080/20020317.2017.1352439>

- Borgen, J. S., Murtnes, Å., Bergsland, J. E., Bottolfs, M., Carlsen, K., Husebø, Ø., Ouff, S. M., Randers-Pehrson, A., Møller-Skau, M., Thorrud, S., Weum, K. B., & Ørbæk, T. (2023). *De praktiske og estetiske fagene – fagtradisjoner, fornyelse og endringer i læreplaner for fagene frem mot LK20.* <https://hdl.handle.net/11250/3097401>
- Braun, V., & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative research in psychology*, 3(2), 77–101. <https://doi.org/10.11191/1478088706qp063oa>
- Braun, V., & Clarke, V. (2022). *Thematic analysis: A practical guide*. SAGE.
- Brænne, K. (2009). *Mellom ord og handling: Om verdsetjing i kunst og handverksfaget* [Doktorgradsavhandling, Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo]. <http://hdl.handle.net/11250/2406784>
- Brænne, K., & Sømoe, K. (2022). Hjemmekonferanse og endrede vilkår for kunnskapsutvikling i kunst- og håndverksfaget. *Techne serien - Forskning i slöjdpedagogik och slöjdvetenskap*, 29(2), 1–16. <https://doi.org/10.7577/TechneA.4555>
- Carlgren, I. (2023). Vad kan den som kan? – (Ämnes)kunnande som centralt forskningsobjekt i ämnesdidaktisk forskning. *Forskning om undervisning och lärande*, 11(3), 6–23. <https://doi.org/10.61998/forskul.v11i3.18034>
- Creswell, J. W., & Miller, D. L. (2000). Determining Validity in Qualitative Inquiry. *Theory into practice*, 39(3), 124–130. https://doi.org/10.1207/s15430421tip3903_2
- Dale, E. L. (2008). *Fellesskolen: Skolefaglig læring for alle*. Cappelen akademisk.
- Dysthe, O. (2001). Sosiolulturelle teoriperspektiv på kunnskap og læring. I *Dialog, samspel og læring* (s. 33–72). Abstrakt forlag.
- Fangen, K. (2010). *Deltagende observasjon* (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Farnsworth, V., Kleanthous, I., & Wenger-Trayner, E. (2016). Communities of Practice as a Social Theory of Learning: A Conversation with Etienne Wenger. *British journal of educational studies*, 64(2), 139–160. <https://doi.org/10.1080/00071005.2015.1133799>
- Fauske, L. B. (2014). Å etablere et akademisk formingsfaglig miljø. Tilbakeblikk på den tidlige fasen for hovedfag i forming. *FormAkademisk*, 7(5), 1–16. <http://hdl.handle.net/11250/2438153>
- Fauske, L. B. (2016). Reforhandling av kunnskapsgrunnlag. Forskning og fagutvikling med utspring i designdidaktikk. *Techne serien - Forskning i slöjdpedagogik och slöjdvetenskap*, 23(2), 50–68.
- Fauske, L. B. (2017). Narrowing the gap between general design education and higher education in design. I *Proceedings of E&PDE 2017—International Conference on Engineering and Product Design Education. Building Community: Design Education for a Sustainable Future*, 2017. (s. 662–667). The Design Society. <https://hdl.handle.net/10642/5791>
- Frisch, N. S. (2013). Løpeildefekten som læring. I *Tegningen lever! : Nye dialogiske perspektiver på tegneundervisning i grunnskolen* (s. 63–76). Akademika.
- Furnes, O. T. (2022). *Dybdelæring i musikk: Musikalsk forståelse gjennom sansning, følelser og begreper*. Universitetsforlaget.
- Gilje, Ø., Landfald, Ø. F., & Ludvigsen, S. (2018). Dybdelæring – historisk bakgrunn og teoretiske tilnærmingar. *Bedre skole*, 30(4).
- Gleeson, K. (2021). Polytextual thematic analysis for visual data: Analysing visual images. I P. Reavey (Red.), *A handbook of visual methods in psychology: Using and interpreting images in qualitative research* (2. utg., s. 536–554). Routledge.
- Godal, J. B. (2007). Hjelper omgrepene handlingsboren kunnskap oss til framtid for handverket? I *Festskrift: Jon Bojer Godal 70 år: Norsk handverksutvikling—NHU 20 år* (Bd. 2007). Maihaugen.
- Goodlad, J. I. (1979). *Curriculum inquiry: The study of curriculum practice*. McGraw-Hill.
- Hong, H.-Y., & Scardamalia, M. (2014). Community knowledge assessment in a knowledge building environment. *Computers & Education*, 71, 279–288. <https://doi.org/10.1016/j.compedu.2013.09.009>
- Illum, B. (2004). *Det manuelle håndværksmessige og læring: Processens dialog* [Doktorgradsavhandling]. Danmarks Pædagogiske Universitet.
- Illum, B., & Johansson, M. (2009). Vad är tillräckligt mjukt? – Kulturell socialisering och lärande i skolans slöjdpraktik. *FormAkademisk*, 2(1), 69–82. <https://doi.org/10.7577/formakademisk.62>
- Johansson, M. (2002). *Slöjdpraktik i skolan – hand, tanke, kommunikation och andra medierande redskap* [Doktorgradsavhandling, Göteborgs Universitet]. <http://hdl.handle.net/2077/15749>

- Koskinen, A., Seitamaa-Hakkarainen, P., & Hakkarainen, K. (2015). Interaction and Embodiment in Craft Teaching. *Techne serien - Forskning i slöjdpedagogik och slöjdvetenskap*, 22(1), 59–72.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa*. <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/?lang=nno>
- Kunnskapsdepartementet. (2020). *Læreplan i kunst og handverk (KHV01-02)*. <https://www.udir.no/lk20/khv01-02?lang=nno>
- Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M., & Rygge, J. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg.). Gyldendal akademisk.
- Lave, J., & Wenger, E. (1991). *Situated learning: Legitimate peripheral participation*. Cambridge University Press.
- Lutnæs, E. (2011). *Standpunktvrurdering i grunnskolefaget kunst og håndverk: Læreres forhandlingsrepertoar* [Doktorgradsavhandling, Arkitektur- og designhøgskolen]. <http://hdl.handle.net/11250/93051>
- Marton, F., & Säljö, R. (1976). On qualitative differences in learning. 1—Outcome and process. *British Journal of Educational Psychology*, 46(1), 4–11. <https://doi.org/10.1111/j.2044-8279.1976.tb02980.x>
- Maus, I. G. (2020). *Enhancing design literacy for sustainability: Craft-based design for sustainability in lower secondary education in Norway* [Doktorgradsavhandling, OsloMet]. <https://hdl.handle.net/10642/8987>
- Meld. St. 28 (2015-2016). (2016). *Fag—Fordypning—Forståelse: En fornyelse av Kunnskapsløftet*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/e8e1f41732ca4a64b003fca213ae663b/no/pdfs/stm201520160028000dddpdfs.pdf>
- Molander, B. (1996). *Kunskap i handling* (2. utg.). Daidalos.
- NESH. (2021). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*. <https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-humaniora-juss-og-teologi/>
- Nielsen, K., & Kvale, S. (Red.). (1999). *Mesterlære: Læring som sosial praksis*. Ad Notam Gyldendal.
- Nielsen, L. M. (2019). *Fagdidaktikk for kunst og håndverk: I går, i dag, i morgen* (2. utg.). Universitetsforlaget.
- NOU 2014: 7. (2014). *Elevenes læring i fremtidens skole: Et kunnskapsgrunnlag*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/e22a715fa374474581a8c58288edc161/no/pdfs/nou201420140007000dddpdfs.pdf>
- NOU 2015: 8. (2015). *Fremtidens skole: Fornyelse av fag og kompetanser*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/da148fec8c4a4ab88daa8b677a700292/no/pdfs/nou201520150008000dddpdfs.pdf>
- Patton, M. Q. (2015). *Qualitative research & evaluation methods: Integrating theory and practice* (4. utg.). Sage.
- Pellegrino, J., & Hilton, M. (2012). *Education for life and work: Developing transferable knowledge and skills in the 21st century*. National Academic Press.
- Phelan, S. K., & Kinsella, E. A. (2013). Picture This. . . Safety, Dignity, and Voice—Ethical Research With Children: Practical Considerations for the Reflexive Researcher. *Qualitative inquiry*, 19(2), 81–90. <https://doi.org/10.1177/1077800412462987>
- Polanyi, M. (2000). *Den tause dimensjonen: En innføring i taus kunnskap* (Bd. 5). Spartacus.
- Randers-Pehrson, A. (2016). *Tinglaging og læringsrom i en kunst- og håndverksdidaktisk kontekst* [Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo]. <http://hdl.handle.net/10852/53503>
- Reitan, J. B. (2007). *Improvisation in tradition: A study of contemporary vernacular clothing design practiced by Iñupiaq women of Kaktovik, North Alaska* [Doktorgradsavhandling, Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo]. <http://hdl.handle.net/11250/298633>
- Rose, G. (2023). *Visual methodologies: An introduction to researching with visual materials* (5. utg.). SAGE.
- Sawyer, R. K. (2005). *The Cambridge Handbook of the Learning Sciences*. Cambridge University Press.
- Scardamalia, M., & Bereiter, C. (1999). Schools as Knowledge-Building Organizations. In *Today's children, tomorrow's society: The developmental health and wealth of nations* (s. 274–289). Guilford.
- Scardamalia, M., & Bereiter, C. (2010). A Brief History of Knowledge Building. *Canadian journal of learning and technology*, 36(1), 1–16. <https://doi.org/10.21432/T2859M>
- Sennett, R. (2008). *The Craftsman*. Penguin.

- Skaperskolen. (u.å.). *Tretopphytte, 5.–7. Trinn*. Hentet 21. juli 2024, fra <https://skaperskolen.no/5-7-trinn/tretopphytte-5-7-trinn/>
- Skjelbred, B. H., & Borgen, J. S. (2020). Tegning og didaktiske praksiser i kunst og håndverk. *Techne serien - Forskning i slöjdpedagogik och slöjdvetenskap*, 27(1), 20–35.
- Stake, R. E. (2010). *Qualitative research: Studying how things work*. Guilford Press.
- Säljö, R. (2021). Från materialitet till sociomaterialitet: Lärande i en designad värld. *Techne serien - Forskning i slöjdpedagogik och slöjdvetenskap*, 28(4), 193–208. <https://doi.org/10.7577/TechneA.4736>
- Tessem, A. D. (2024). *Kunnskaping i kunst og håndverk. Betingelser for og konsekvenser av læring gjennom skapende prosesser*. [Doktorgradsavhandling, Universitetet i Sørøst-Norge]. <https://hdl.handle.net/11250/3131033>
- Wenger, E. (1998). *Communities of practice: Learning, meaning, and identity*. Cambridge University Press.
- Wenger, E. (2004). *Praksisfællesskaber*. Hans Reitzels Forlag.
- Wenger-Trayner, E., & Wenger-Trayner, B. (2015). *An introduction to communities of practice: A brief overview of the concept and its uses*. <https://www.wenger-trayner.com/introduction-to-communities-of-practice>
- Winje, Ø. (2022). *The grass is greener outdoors. Potentials for deep learning in Norwegian uteskole* [Doktorgradsavhandling, OsloMet]. <https://hdl.handle.net/11250/3060601>
- Winje, Ø., & Løndal, K. (2020). Bringing deep learning to the Surface: A systematic mapping review of 48 years of research in primary and secondary education. *Nordic Journal of Comparative and International Education (NJCIE)*, 4(2), 25–41. <https://doi.org/10.7577/njcie.3798>
- Zhang, J., Scardamalia, M., Reeve, R., & Messina, R. (2009). Designs for Collective Cognitive Responsibility in Knowledge-Building Communities. *The Journal of the learning sciences*, 18(1), 7–44. <https://doi.org/10.1080/10508400802581676>
- Østern, T. P., Dahl, T., Strømme, A., Petersen, J. A., Østern, A.-L., & Selander, S. (2019). *Dybdelæring—En flerfaglig, relasjonell og skapende tilnærming*. Universitetsforlaget.

Elin Austbø Simonsen er stipendiat i kunst og handverk ved Institutt for grunnskolelærerutdanning, idrett og spesialpedagogikk, Universitetet i Stavanger (UiS). Forskningsinteressane hennar er retta mot didaktiske praksisar i grunnskulefaget kunst og handverk.

Laila Belinda Fauske er Instituttleiar ved Institutt for estetiske fag, Universitetet i Sørøst-Norge (USN). Hennar forskningsinteresser er blant anna retta mot kunnskapsbygging, læreplanutvikling og transdisiplinær læring. Fauske har ei doktorgrad innan arkitekturundervisning for grunnskulen og var tidlegare professor innan fagdidaktikk for design, kunst og handverk ved OsloMet.